Styret for Fagskulen Vestland støttar vidare forslaget om å omformulere reglane for tilbod om ledige studieplassar etter ordinært opptak. Oppbygginga av dagens fagskuleforskrift § 14 er uoversikleg og sprikande, noko som fører til at innhaldet blir uklart. Ei tydeleggjering vil derfor sikre korrekt oppfølging av fagskulane.

I høve til endringa i fagskuleforskrifta § 14 femte ledd om suppleringsstudieplassar vurderer styret at tidspunktet for når fagskulane kan tilby plasser der studentar ikkje har møtt, med fordel kan vere tidlegare enn 10 dagar etter studiestart. Styret vurderer at regelen kan tre inn allereie frå studiestart.

Ei forskriftsfesting av at fagskulane berre kan tilby ledige studieplassar så lenge oppstartstidspunktet for søkaren er fagleg forsvarleg, er ei viktig presisering som vil bidra til å sikre at studentane får det tilbodet dei har krav på.

At all oppnådd yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring skal gi tilleggspoeng, er også ei viktig endring for yrkesutdanninga som heile.

Andre tilhøve:

Styret for Fagskulen Vestland merkar seg at det er gjort ei endring i føresegna om spesielle opptakskrav, som departementet ikkje har trekt fram i høyringsnotatet. Høyringsnotatet kan tolkast slik at endringa ikkje er meint å vere ei materiell endring, men fagskulestyret oppfattar likevel endringa slik.

I dagens fagskuleforskrift § 7 fjerde ledd første setning står det at styret sjølv «*kan stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskoleutdanningen*». I forslaget til ny fagskuleforskrift § 2-4 første ledd første setning står det at styret sjølv «*kan i forskrift fastsette spesielle opptakskrav som er relevante for utdanningen*».

Styret for Fagskulen Vestland ber departementet vere merksam på bruken av ordet «*i forskrift*» i forslag til ny § 2-4 første ledd. Lista over kva fagbrev som til dømes kvalifiserer til opptak kan ofte vere lang, og det er noko uklart om departementet meiner at alle fagbrev som kvalifiserer til opptak ved alle utdanningar skal listast opp i den lokale forskrifta. Ei slik opplisting vil ikkje vere hensiktsmessig, og styret vil derfor tilrå at departementet avklarar dette slik at føresegna ikkje blir misoppfatta.

Kapittel 3: Politiattest

Departementet sitt forslag til nytt kapittel 3 om politiattest bygger på og vidarefører dagens reglar om politiattest, med nokre språklege endringar og forenklingar for å hindre dobbeltregulering. Fagskulen vil trekke fram følgande endringsforslag:

- Fagskuleforskrifta har i dag ein konkret frist på fire veker for studenten til å sende inn politiattest når det ved opptak er klart at utdanninga oppfyller vilkåra for politiattest etter fagskulelova § 27. I dagens fagskuleforskrift er det likevel ikkje spesifisert ein konkret tidsfrist for dei tilfella kor det først undervegs i utdanninga blir klart at studenten skal gjennomføre klinisk undervisning eller praksis. Departementet vil derfor innføre ein tilsvarande tidsfrist på fire veker for studenten til å sende inn politiattest i desse tilfella.
- Fristen for å sende inn politiattest blir i dag rekna frå det tidspunktet tilbod om studieplass er komme fram til studenten. Departementet foreslår å vidareføre denne regelen, men har vurdert om fristen heller bør reknast frå det tidspunktet tilbod om studieplass er akseptert, eventuelt om fristen i staden bør vere knytt til tidspunktet for oppstart. Vidare har departementet vurdert om fristen bør vere på tre veker framfor fire veker.

Etter den nye universitets- og høgskulelova skal studentane sende politiattesten seinast tre veker etter at dei aksepterte tilbodet om studieplass, alternativt tre veker etter at institusjonen kravde politiattesten framlagt. I utgangspunktet er det ikkje grunn til at regelverket for politiattest skal vere ulikt for fagskulane, universiteta og høgskulane, samstundes som departementet er kjent med at den nye reguleringa av politiattest i universitets- og høgskulelova har ført med seg nokre utfordringar. Departementet ønsker derfor innspel frå fagskulane på om fristen bør vere på tre eller fire veker, og kva tidspunkt ein bør rekne tidsfristen å løpe frå.

Fagskulen Vestland foreslår følgande uttale til kapittel 3 om politiattest:

Styret for Fagskulen Vestland meiner det er hensiktsmessig å sette ein tidsfrist på fire veker for innsending av politiattest der det undervegs i utdanninga blir klart at studenten skal gjennom klinisk undervisning eller praksis. Styret opplever det som naturleg at denne fristen har ei tilsvarande lengde som i dei tilfella kor fagskulen krev politiattest ved opptak.

Vidare støttar styret ei vidareføring av regelen om at tidsfristen for å legge fram politiattest er fire veker frå tilbodet om studieplass er komme fram. Styret merkar seg at den tilsvarande regelen i universitets- og høgskulelova på tre veker etter at studenten aksepterte tilbodet om studieplass har skapt utfordringar for institusjonane.

Styret er ikkje kjent med at dagens regulering i fagskuleforskrifta har skapt vanskar, og meiner derfor at det er hensiktsmessig å halde på regelen slik den er i dag.

Kapittel 4: Skikkethetsvurdering

Departementet sitt forslag til nytt kapittel 4 om skikkavurdering bygger på og vidarefører i hovudsak dagens reglar om skikkaheit, med nokre språklege endringar og forenklingar. Fleire av dei språklege justeringane er basert på eit ønske om å harmonisere skikkareglane i fagskulesektoren og universitet- og høgskulesektoren, då omsynet bak reglane i hovudsak er dei same.

Føremålet med skikkavurdering er å beskytte sårbare personar. Vurderinga skal avdekke om ein student kan utgjere ein mogeleg fare for liv, helse, rettar eller tryggleik til dei studenten møter i praksis eller framtidig jobb.

Fagskulen vil trekke fram følgande endringsforslag til kapittel 4:

- Å utvide gruppa som skal beskyttast av reglane om skikkaheit frå barn, unge og vaksne, til også å omfatte dyr.
- Å opne for at styret kan delegerere oppgåva med å oppnemne skikkanemnd til andre. Etter dagens fagskuleforskrift § 31 er det styret sjølv som skal oppnemne skikkanemnd.

Departementet ber særskild om innspel til forslaga om skikkaheit. Fagskulen Vestland foreslår følgande uttale til kapittel 4 om skikkavurdering:

Styret for Fagskulen Vestland er av den overordna oppfatning at skikkareglane i fagskulesektoren og universitets- og høgskulesektoren i større grad bør vere likt utforma, då omsynet bak reglane i hovudsak er dei same.

Styret for Fagskulen Vestland støttar forslaget om å inkludere dyr i gruppa som skal beskyttast av reglane om skikkavurdering, og forslaget om at oppgåva med å oppnemne skikkanemnd kan delegerast til andre.

Andre tilhøve:

Ettersom styret støttar ei harmonisering av skikkareglane i fagskulesektoren og universitets- og høgskulesektoren, vil styret trekke fram forskjellen mellom vurderingskriteria i dagens fagskuleforskrift § 29 og universitets- og høgskuleforskrifta § 7-3. Etter styret si oppfatning kan både omsynet til likebehandling og sikkerheita til studentane tale for at vurderingskriteria i større grad bør vere like i dei to sektorane. Opplistinga av vurderingskriterium i universitets- og høgskuleforskrifta er betydeleg meir utfyllande enn opplistinga i fagskuleforskrifta. Ei slik detaljrik og tydeleg opplisting kan etter styret sitt skjønne vere hensiktsmessig, då det i større grad kan vere med på å sikre gode og riktige vurderingar og meir einsarta oppfølging og praksis ved institusjonane. Vidare opplever styret at det er fleire av vurderingskriteria i universitets- og høgskuleforskrifta som ikkje er direkte dekt av fagskuleforskrifta i dag, men som gjer seg gjeldande i like stor grad, til dømes § 7-3 bokstav b, d og f.

Vidare vil styret trekke fram ein opplevd forskjell i ordlyden i dagens fagskuleforskrift § 29 første ledd første setning og § 26 siste setning. I § 26 siste setning står det at studenten ikkje er skikka for yrket dersom studenten «*kan utgjøre fare*», medan det i § 29 første ledd første setning står at studenten ikkje er skikka for yrket dersom studenten «*utgjør en fare*». Formuleringane er vidareført i forslag til ny fagskuleforskrift §§ 4-1 og 4-3.

Styret opplever det som noko uklart om fagskulen må konstatere at studenten faktisk utgjør ein fare, eller om det er tilstrekkeleg at studenten utgjør ein mogeleg fare. Styret viser til universitets- og høgskulelova § 12-3 tredje ledd og universitets- og høgskuleforskrifta §§ 7-2 og 7-3 som alle

nyttar omgrepet «*utgjør en mulig fare*». Styret vil rå departementet til å endre ordlyden i forslag til ny fagskuleforskrift § 4-3 første ledd første setning slik at det kjem tydlegare fram at det er tilstrekkeleg at studenten *kan* utgjere fare, og ikkje at studenten *må* utgjere fare.

Vidare vil styret tilrå at departementet vurderer å justere teksten i forslag til ny fagskuleforskrift § 4-2 tredje ledd. Innhaldet i setninga «*Fagskolen fastsetter i forskrift om det skal foretas skikkethetsvurdering ved utdanninger som allerede er akkrediterte*» er etter styret sitt skjønne allereie dekt av § 4-2 første og andre ledd, og det kan derfor vere formålstenleg å ta bort setninga.

I dagens fagskuleforskrift § 36 siste ledd om handsaming av skikkasaker i lokal klagenemnd står det at utestengde studentar ikkje kan «*søke eller ta imot plass ved lignende utdanninger i utestengingsperioden*». Denne formuleringa er vidareført i forslag til ny fagskuleforskrift § 4-10 siste ledd.

Styret for Fagskulen Vestland ber departementet vere merksam på at det ikkje er klart om ordlyden «*lignende utdanninger*» berre siktar til liknande utdanningar ved fagskulen studenten er utestengt frå, eller om det også omfattar liknande utdanningar ved andre fagskular i landet. Av høyringsnotatet går det fram at det er sistnemnde tolking som er rett, men dette kan etter styret si meining med fordel gå fram eksplisitt av forskrifta.

I forlenginga av dette vil styret gjere departementet merksam på at fagskulane i dag ikkje har eit tilfredsstillande system for registrering av utestengde studentar. Etter universitets- og høgskulelova § 12-11 skal reaksjonane i saker knytt til eksempelvis fusk og skikkavurdering registrerast i eit felles system for informasjonsutveksling mellom institusjonane – RUST. Det er i dag berre institusjonar underlagd universitets- og høgskulesektoren som har tilgang til dette systemet.

I skikkasaker er det særleg viktig å hindre at utestengde studentar ikkje får nye rettar ved andre institusjonar - eit omsyn som gjer seg gjeldande i like stor grad både i fagskule-, universitet- og høgskulesektoren. Styret ber derfor departementet komme på bana med eit tilsvarende register for fagskulane.

Kapittel 5: Faglig godkjenning [...]

Departementet foreslår å gjere endringar i reglane om godskriving og fritak i både fagskulelova og fagskuleforskrifta. Ved godskriving får studenten eit emne frå ei fagskuleutdanning inkludert i ei anna fagskuleutdanning ved ein annan fagskule. Ved fritak vurderer fagskulen om studentens realkompetanse tilsvarar den kompetansen som studenten skal oppnå etter eit emne. Realkompetanse viser her til all kompetanse som ein person har som er oppnådd på andre måtar enn gjennom fagskuleutdanning.

Departementet foreslår å erstatte omgrepa «*godskriving*» og «*fritak*» med samleomgrepet «*fagleg godkjenning*». Tilsvarende omgrep kom inn i universitets- og høgskulelova allereie i 2021. Departementet legg til grunn at endringa vil forenkle regelverket og gjere det meir forståeleg for brukarane, samstundes som det hindrar at dei to no gjeldande omgrepa blir forveksla. Endringa inneber ikkje materielle endringar. Vidare foreslår departementet fleire presiseringar av gjeldande rett, særleg knytt til verknadene av fagleg godkjenning.

Fagskulen Vestland foreslår følgande uttale til kapittel 5 om fagleg godkjenning:

Styret for Fagskulen Vestland støttar forslaget om å erstatte omgrepa «*godskriving*» og «*fritak*» med samleomgrepet «*fagleg godkjenning*», og opplever at endringa gjer regelverket meir forståeleg. Vidare er det hensiktsmessig med ein meir einskapleg omgrepsbruk på tvers av fagskulesektoren og universitets- og høgskulesektoren.

Samstundes vil styret peike på at forslaget til ny lovtekst i fagskulelova § 8 første og andre ledd er vanskeleg å lese. Det er særleg dei lange setningane og bruken av omgrepet «*godkjennende*

fagskole» som gjer teksta tunglesen. På bakgrunn av dette blir det foreslått følgande justering av § 8 første og andre ledd:

«Fagskoler skal godkjenne beståtte emner fra andre akkrediterte fagskoleutdanninger som del av en students utdanning, dersom studenten har oppnådd et læringsutbytte tilsvarende ett eller flere emner i utdanningen. ~~ved den godkjennende fagskolen, og de~~ aktuelle fagskoleutdanningene skal ligge[...] innenfor det samme fagområdet eller nær beslektede fagområder. Det skal ikke gis dobbel uttelling for det samme faginnholdet.

Fagskoler kan etter en faglig vurdering også godkjenne annen dokumentert relevant utdanning og kompetanse som del av en students fagskoleutdanning, dersom studenten har oppnådd et læringsutbytte tilsvarende ett eller flere emner ved ~~den godkjennende~~ fagskolen. Slik godkjenning kan gis på grunnlag av dokumentert realkompetanse.»

Andre endringar

Læringsmiljø

Departementet foreslår å gjere endringar i fagskulelova § 15 om læringsmiljø. Etter fagskulelova § 15 skal studentane ha eit godt og inkluderande læringsmiljø. Styret har ansvar for å legge forholda til rette for dette, i samarbeid med studentorgana. Etter § 15 andre ledd skal læringsmiljøet og det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet vere fullt forsvarleg med omsyn til helse, sikkerheit og velferd. Vidare skal det leggest til rette for at læringsmiljøet er utforma etter prinsippet om universell utforming.

Endringane i § 15 om læringsmiljø er av strukturell og språkleg art, og vil ikkje innebære endringar i studentane sine rettar. Fagskulen vil trekke fram følgande endringsforslag:

- Å definere omgrepet «læringsmiljø» i fagskulelova, slik at definisjonen i fagskulelova tilsvarar definisjonen av læringsmiljø i universitets- og høgskulelova.
- Å flytte reglane om individuell tilrettelegging, rett til å varsle og forbod mot gjengjelding frå § 15 til eigne føresegner i lova.

Fagskulen Vestland foreslår følgande uttale til endringar i fagskulelova om læringsmiljø:

Styret for Fagskulen Vestland opplever at strukturendringane knytt til læringsmiljø og studentane sine rettar er gode, og bidrar til ei meir heilskapleg regulering. Revideringa av fagskulelova § 15 om læringsmiljø vil gi ei tydelegare forståing av krava og rettane til studentane. Vidare er det positivt at styrets ansvar for universell utforming blir tydeleggjort.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste ansvarlege styringsorgan for Fagskulen Vestland, jf. fagskulelova § 9 første ledd, og gir dermed høyringsuttale på vegner av fagskulen.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret gir høyringsuttale om forslag til ny forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning og forslag til endringar i fagskulelova slik det kjem fram av saka.

Saksnr: 2022/486-272**Saksbehandlar:** Inger Karine Kårdal Kversøy

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 10/26	12.06.2026

Akkreditering av ny utdanning: Kalkulasjon og mengdelære (30 stp)

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Stord og Nordnes.

Samandrag

Fagskulen har utvikla utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» og gjennomført sakkunnig vurdering. Sakkunnig komité tilrår godkjenning av utdanninga på visse vilkår. Fagskulen har følgd opp vilkåra og revidert studieplanen i samsvar med tilbakemeldingane frå komiteen. Det vert no lagt fram sak om akkreditering av utdanninga for styret.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Inger Karine Kårdal Kversøy
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Studieplan Kalkulasjon og mengdelære
- 2 Skjema sakkunnig komité

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen har utvikla og gjennomført sakkunnig vurdering av utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» (30 stp.). Utdanninga er utvikla for å møte behovet i leverandørindustrien for kompetanse innan kalkulasjon, mengdeavtak og oppmåling i prosjektbasert industri.

Utdanninga er utvikla i tett samarbeid med næringslivet i Sunnhordland. Studiet skal bidra til å styrke kompetansen innan estimering av timar og kostnader i tidlegfase og tilbudsprosessar, samt oppmåling som kompensasjonsmetode i nye utbyggingsprosjekt.

Sakkunnig komité har vurdert studieplanen og kome med fleire tilrådingar knytt til læringsutbytte, vurderingsform, struktur og språklege presiseringar.

Sakkunnig komité

Fagskulen har utvikla og gjennomført sakkunnig vurdering av utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære» på 30 studiepoeng. Sakkunnig komité har bestått av relevante representantar frå fagmiljø og næringsliv med kompetanse innan kalkulasjon, oppmåling og prosjektgjennomføring.

Fagleg ansvar: Gunnar Skogseth

Skogseth har 40 års erfaring frå privat næringsliv, inkludert 20 år innan elektro- og automasjonsingeniørfag i Aker, Kværner og ABB. Skogseth har dei siste 20 åra vore tilsett i Equinor, kor han har hatt roller innan prosjektstyring med ansvar for mellom anna kontraktsutarbeiding og mengdekalkulasjon.

Pedagogisk ansvar: Ingrid Hordvik

Hordvik har fagleg bakgrunn frå prosessindustrien ved CCB (land/offshore) og har vore faglærer innan kjemifag ved Fagskulen Vestland sidan 2009. Hordvik har òg vore sakkunnig ved arbeidet med nasjonale studieplanar gjennom HK-dir.

Fagskulen er einig med komiteen sine tilrådingar, og har følgd opp desse tilbakemeldingane og revidert studieplanen. Oppdatert studieplan er lagt ved saka.

Sakkunnig komité peika på fleire punkt som måtte presiserast eller vidareutviklast i studieplanen:

- NS 3420 måtte innarbeidast i utdanninga.
- Læringsutbytte måtte gjennomgåast og tydeleggjerast.
- Balansen mellom kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse måtte forbetrast.
- Vurderingssystemet måtte tydeleggjerast.
- Arbeidsmengde og organisering måtte forklarast betre.

Fagskulen har følgd opp alle punkta gjennom revisjon av studieplanen. NS 3420 er innarbeidd, læringsutbytta er reviderte og vurderingsordninga er klargjort som mappevurdering med karakter per emne.

Sakkunnig komité kom også med fleire tilrådingar knytt til:

- Språklege presiseringar
- Strukturering av arbeidsinnsats
- Tydelegare beskriving av samarbeid med arbeidslivet
- Breidde i opptakskrav
- Namn på utdanninga

Fagskulen har følgd opp tilrådingane og revidert studieplanen i samsvar med dette. Namnet på utdanninga er endra frå «Kalkulator i energibransjen» til «Kalkulasjon og mengdelære».

Om utdanninga

Utdanninga skal gi studentane kompetanse innan oppmåling og kalkulasjon knytt til større utbyggingsprosjekt og leverandørindustri. Studiet omfattar mengdeavtak, normbruk, prosjektstyring, kontraktsforståing og oppfølging av prosjekt.

Utdanninga er bygd opp med kombinasjon av teori, praksis og prosjektarbeid. Studentane skal utvikle forståing for samanhengen mellom tekniske spesifikasjonar, mengdeavtak, kontraktar, planlegging og prosjektgjennomføring.

Læringsutbytte

Gjennom studiet skal studentane oppnå følgjande læringsutbytte:

Kunnskap

Studenten

- har kunnskap om kalkuleringa og oppmålinga sin funksjon i store utbyggingsprosjekt
- har kunnskap om grunnleggjande arbeidsmetodikk innan kalkulering og oppmåling
- har kunnskap om sentrale omgrep, normer og dimensjonar som blir nytta i oppmålingsfaget
- har kunnskap om korleis timar og kostnader kan estimerast med utgangspunkt i mengdeavtak
- har kunnskap om typisk inndeling av mengder innan fagområde som stål, rør, elektro og overflatefag
- har kjennskap til ulike typar kontraktar og kompensasjonsformat, med særleg vekt på dei delane av kontrakten som gjeld oppmåling
- har kjennskap til fasane i eit bygge- eller utbyggingsprosjekt og korleis estimat blir utvikla gjennom prosjektfasane
- har kjennskap til sentrale tekniske spesifikasjonar med relevans for oppmåling, til dømes NORSOK eller NS3420

Ferdigheiter

Studenten

- kan bruke grunnleggjande arbeidsmetodikk innan kalkulering og oppmåling på ein vald disiplin
- kan gjennomføre mengdeavtak innan ein vald disiplin
- kan vurdere og kalkulere sentrale dimensjonar innan den valde disiplinen
- kan bruke relevante normer, spesifikasjonar og kontraktsgrunnlag i arbeid med mengdeavtak og kalkulering
- kan identifisere sentrale avhengigheiter mellom oppmåling, design, arbeidsoperasjonar og prosjektgjennomføring
- kan etablere rammer for nødvendig kommunikasjon mellom relevante fagpersonar og funksjonar i prosjektet

Generell kompetanse

Studenten

- har forståing for kalkuleringa og oppmålinga si rolle i prosjektgjennomføring, sett i samanheng med kontraktstype og prosjektfase
- kan formidle fagleg informasjon om kalkulering, oppmåling og mengdeavtak til relevante aktørar i eit prosjekt
- har eit bevisst forhold til eigne kunnskapar og ferdigheiter innan kalkulering og oppmåling
- kan reflektere over eiga rolle og eige ansvar i samspel med andre fagområde og funksjonar i prosjektorganisasjonen
- kan dele kunnskapar og erfaringar med andre i faglege og tverrfaglege samanhengar
- kan bidra til god kommunikasjon og samhandling i arbeid med mengdeavtak, kalkulering og prosjektgjennomføring

Opptaksgrunnlag

Opptaksgrunnlaget til utdanninga er fullført og bestått vidaregåande opplæring med relevant fagbrev, sveinebrev eller vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule. Søkjarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava og som har fylt 23 år kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse.

Organisering

Utdanninga er inndelt i hovudemne i samsvar med studieplanen, og vert tilbydd som nettbasert utdanning med samlingar. Utdanninga består av følgjande emne:

Emnenamn	Studiepoeng
Kalk1 Mengdekalkulering basis	10
Kalk2 Mengdekalkulering disiplinforståing	10
Kalk3 Mengdekalkulering – praksis i prosjekt	10
Sum	30 stp

Utdanningsform

Utdanninga vil bli tilbydd med utdanningsforma «nettbasert med samlingar» ved studiestad Stord og Nordnes.

Vedtakskompetanse

Fagskulen Vestland har akkreditering for fagområdet, og kan derfor sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innanfor dette området, jf. fagskuleforskrifta § 48 (3). Styret skal fastsetje studieplanen og avgjere korleis den skal gjennomførast, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret akkrediterer utdanninga «Kalkulasjon og mengdelære», 30 studiepoeng, som ei ny utdanning ved Fagskulen Vestland, studiestad Stord og Nordnes med utdanningsforma nettbasert med samling.

Kalkulasjon og mengdelære

Fagområde

Maskinteknikk

Studiestad

Nordnes

Stord

Studiepoeng

30

Studieform

Deltid

Nett

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Undervisningssemestre

2026 Haust

2027 Vår

Om studiet

Kalkulering, eller oppmåling, er ein arbeidsmetodikk som nyttast både til å estimere omfang av timar og kostnadar knytt til store utbyggingsprosjekt, og som og er nytta som kompensasjonsmetode i tilvergingskontraktar i leverandørindustrien. Oppmåling som fag krev god forståing av rekkefølge og metodikk for designutvikling, detaljert kjennskap til fysiske arbeidsoperasjonar innan mange fag (t.d. stål, rør, elektro og overflatefag) og i tillegg god forståing av kontraktar mellom kundar og leverandører i store utbyggingsprosjekt.

Denne kompetansen er vanskeleg å få tak i for leverandørindustrien, både i Noreg og internasjonalt. Det er relevante utdanningar i England som utdannar Quantity Surveyors, men sjølv den utdanninga vert for lite relevant til aktiviteten i den norske leverandørmarknaden. Sjølve prinsippa rundt oppmåling er ikkje tema i nokon utdanningar i Noreg hverken på videregående-, fagskole-, høyskole- eller universitetsnivå.

Utdanning av fleire personar innanfor dette fagområdet er avgjerande for å sikre at leverandørindustrien opprettheld evna si til å estimere timar og kostnadar for store prosjekt i tidlegfase og tilbudsprosessar – og at ein opprettheld oppmåling/kalkulering som ein aktuell kompensasjonsmetode i nye utbyggingsprosjekt.

Denne utdanninga er bygd opp rundt teorisamlingar og prosjektarbeid i kombinasjon med at kandidatane arbeider innanfor fagfeltet i pågåande prosjekt. Teorisamlingane tek sikte på å gje kandidatane kunnskap om og forståing for kalkyle sin funksjon i prosjektgjennomføringar og den grunnleggande metodiske tilnærminga som disiplinen nyttar seg av. Vidare skal dei gje kandidatane kjennskap til og innsikt i kontrakt og prosjektgjennomførings-metode, og koplinga mellom desse. Modulen bygger vidare på teorien ved å gje ei god innføring i dei einssilde faga som ein skal måle mengder innanfor, gjennom ein kombinasjon av teori, feltobservasjonar og praksis. Kandidatane skal til slutt anvende læringa i prosjektarbeid under kyndig rettleiing og skrive ei prosjektoppgåve som utdjupar forståinga for faget og belyser nye problemstillingar utover lærestoffet.

Utdanninga er bygd opp i samarbeid med næringslivet i Sunnhordland, med ønske om å vidareutvikle fagarbeidarar og ingeniørar med ny kompetanse og nye ferdigheiter.

Læringsutbytte

Kunnskapsdepartementet har fastsett "Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring" (NKR). Ei eittårig fagskuleutdanning er på nivå 5.1 i NKR, og ei toårig utdanning på fagskulenivå er på nivå 5.2. For alle utdanningar vert det utarbeidd læringsutbyttebeskrivingar (LUB) for utdanninga som heilskap og for kvart emne. Ein brukar då omgrepa overordna LUB og emne LUB.

Læringsutbyttebeskrivinga viser dei kvalifikasjonane studenten minst skal ha etter fullført utdanning.

Kunnskap

- har kunnskap om kalkuleringa og oppmålinga sin funksjon i store utbyggingsprosjekt
- har kunnskap om grunnleggjande arbeidsmetodikk innan kalkulering og oppmåling
- har kunnskap om sentrale omgrep, normer og dimensjonar som blir nytta i oppmålingsfaget
- har kunnskap om korleis timar og kostnader kan estimerast med utgangspunkt i mengdeavtak
- har kunnskap om typisk inndeling av mengder innan fagområde som stål, rør, elektro og overflatefag
- har kjennskap til ulike typar kontraktar og kompensasjonsformat, med særleg vekt på dei delane av kontrakten som gjeld oppmåling
- har kjennskap til fasane i eit bygge- eller utbyggingsprosjekt og korleis estimat blir utvikla gjennom prosjektfasane
- har kjennskap til sentrale tekniske spesifikasjonar med relevans for oppmåling, til dømes NORSOK eller NS3420

Ferdigheiter

- kan bruke grunnleggjande arbeidsmetodikk innan kalkulering og oppmåling på ein vald disiplin
- kan gjennomføre mengdeavtak innan ein vald disiplin
- kan vurdere og kalkulere sentrale dimensjonar innan den valde disiplinen
- kan bruke relevante normer, spesifikasjonar og kontraktsgrunnlag i arbeid med mengdeavtak og kalkulering
- kan identifisere sentrale avhengigheiter mellom oppmåling, design, arbeidsoperasjonar og prosjektgjennomføring
- kan etablere rammer for nødvendig kommunikasjon mellom relevante fagpersonar og funksjonar i prosjektet

Generell kompetanse

- har forståing for kalkuleringa og oppmålinga si rolle i prosjektgjennomføring, sett i samanheng med kontraktstype og prosjektfase
- kan formidle fagleg informasjon om kalkulering, oppmåling og mengdeavtak til relevante aktørar i eit prosjekt
- har eit bevisst forhold til eigne kunnskapar og ferdigheiter innan kalkulering og oppmåling
- kan reflektere over eiga rolle og eige ansvar i samspel med andre fagområde og funksjonar i prosjektorganisasjonen
- kan dele kunnskapar og erfaringar med andre i faglege og tverrfaglege samanhengar
- kan bidra til god kommunikasjon og samhandling i arbeid med mengdeavtak, kalkulering og prosjektgjennomføring

Opptak

Opptak

Denne utdanninga har lokalt opptak og vert lyst ut på Fagskulen Vestland sine nettsider og på Utdanning.no

Formelle opptakskrav

Generelle opptakskrav er fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev/svennebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule.

Fagbrev og svennebrev som kvalifiserer til opptak

Bygg- og anleggsteknikk

- Anleggsgartnarfaget
- Anleggsmaskinførarfaget
- Anleggsrørleggjarfaget
- Asfaltfaget
- Banemontørfaget
- Betongfaget
- Brannførebyggjar
- Brønn- og borefaget
- Byggdriftarfaget
- Byggmontasjefaget
- Fjell- og bergverksfaget
- Fundamenteringsfaget
- Glasfaget
- Industrimålarfaget
- Isolatørfaget
- Murar- og flisleggjarfaget
- Målar- og overflateteknikkfaget
- Rørleggjarfaget
- Snikkarfaget
- Steinfaget
- Stillasbyggjarfaget
- Tak- og membrantekkkjarfaget
- Trelast- og limtreproduksjonsfaget
- Tømrarfaget
- Veg- og anleggsfaget
- Vegdrift- og vegvedlikehaldsfaget
- Ventilasjons- og blekkslagarfaget
- Feiarfaget
- Isolatørfaget

- Limtreproduksjonsfaget
- Murarfaget
- Målarfaget
- Reinholdsooperatørfaget
- Stillasbyggjarfaget
- Trelastfaget
- Trevare- og bygginnreiingsfaget

Elektro og datateknologi

- Automatiseringsfaget
- Avionikarfaget
- Dataelektronikarfaget
- Droneoperatørfaget
- Elektrikarfaget
- Elektroreparatørfaget
- Energimontørfaget
- Energioperatørfaget
- Fjernstyrte undervassoperasjonar
- Flymotormekanikarfaget
- Flystrukturmekanikarfaget
- Flysystemmekanikarfaget
- Heismontørfaget
- Kulde- og varmpumpeteknikkfaget
- Låsesmedfaget
- Maritim elektrikarfaget vg3 i bedrift
- Optronikarfaget
- Produksjonselektronikarfaget
- Romteknologi
- Signalmontørfaget
- Tavlemontørfaget
- Telekommunikasjonsmontørfaget
- Togelektrikarfaget
- Ventilasjonsteknikkfaget
- Viklarfaget
- Kulde- og varmpumpemontørfaget
- Viklar- og transformatormontørfaget

Handverk, design og produktutvikling

- Møbelsnikkarfaget

Teknologi- og industrifag

- Aluminiumskonstruksjonsfaget
- Anleggsmaskinmekanikarfaget
- Bilfaget, lette kjøretøy
- Bilfaget, tunge kjøretøy
- Billakkerarfaget
- Bilpleiefaget
- Bilskadefaget
- Boreoperatørfaget
- Brønnfaget, elektriske kabeloperasjonar
- Brønnfaget, havbotnintallasjonar
- Brønnfaget, komplettering
- Brønnfaget, kveilerøyperasjonar
- Brønnfaget, mekaniske kabeloperasjonar
- Brønnfaget, sementering
- Børsemakarfaget
- Chassispåbyggjarfaget
- CNC-maskineringsfaget
- Dimensjonskontrollfaget
- Finmekanikarfaget
- Gjenvinningsfaget
- Grafisk produksjonsteknikk
- Hjulustrustningsfaget
- Industriell overflatebehandling
- Industrimekanikarfaget
- Industrimontørfaget
- Industrioppmålingsfaget
- Industrirørleggjarfaget
- Industrisnikkarfaget
- Industritapetserarfaget
- Industritekstilfaget
- Kjemiprosessfaget
- Kran- og lyfteoperasjonsfaget
- Laboriefaget
- Landbruksmaskinmekanikarfaget
- Logistikkfaget
- Matrosfaget
- Modellbyggjarfaget
- Motormekanikarfaget
- Motorsykkelfaget

- NDT-kontrollørfaget
- Plastfaget
- Platearbeidarfaget
- Polymerkomposittfaget
- Produksjonsteknikkfaget
- Reservedelsfaget
- Serigrafifaget
- Skipsmotormekanikarfaget
- Sveisefaget
- Sykkelmekanikarfaget
- Truck- og liftmekanikarfaget
- Verktøymakarfaget
- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for yrkesfaglege utdanningsprogram
- Yrkessjåførfaget
- Bokbindarfaget
- Chassispåbyggjarfaget
- Garverifaget
- Gjenvinningsfaget
- Grafisk emballasjefaget
- Industriell skotøyproduksjon
- Industrisaumfaget
- Industritekstilfaget, farging, trykking og etterhandsaming
- Industritekstilfaget, fiskereiskapar
- Industritekstilfaget, garnframstilling
- Industritekstilfaget, trikotasje
- Industritekstilfaget, veving
- Låsesmedfaget
- Maritim innreiing
- Motormannfaget
- Plastmekanikarfaget
- Støyperifaget
- Tekstilrensfaget
- Termoplastfaget
- Trykkarfaget
- Vaskerifaget

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Søkjarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse. Realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom utdanning, praktisk yrkeserfaring og deltaking i organisasjonar m.m.

Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på www.lovddata.no for utfyllende informasjon om opptak.

Organisering av studiet

Studiet vert organisert på deltid over to semester. Kvart emne har 8 dags-samlingar, praksis, eigenstyrt aktivitet, innleveringar og mappevurdering. Praksis skjer på eigen arbeidsplass. Det siste emnet er endå meir praksisretta og vert avslutta med ein praksisperiode i eiga bedrift, kombinert med oppgåveskriving.

Arbeidsmengde i Kalkulasjon og mengdelære

EMNEBESKRIVING	EIGENSTYRT AKTIVITET	LÆRARSTYRTE AKTIVITETAR UTANOM SAMLINGAR	PRAKSIS	TIMEPLANFESTA TIMER	SUM
Dummy Kalk1 Mengdekalkulering basis	96	50	40	64	250
Dummy Kalk2 Mengdekalkulering disiplinforståing	96	50	40	64	250
Dummy Kalk3 Mengdekalkulering - praksis i prosjekt	106	0	80	64	250
Sum	298	100	160	192	750

Kalkulasjon og mengdelære

Fagområde: Maskinteknikk

Studieprogram: [Kalkulasjon og mengdelære](#)

Studieform: [Deltid](#)

Studiemodell:

EMNE	TYPE	2026 HAUST	2027 VÅR	SUM
Dummy Kalk1 Mengdekalkulering basis		10		10
Dummy Kalk2 Mengdekalkulering disiplinforståing		5	5	10
Dummy Kalk3 Mengdekalkulering - praksis i prosjekt			10	10
Sum		15	15	30

Studiemodellansvarleg: Arild Inge Bakke
Rune Sørtun

Arbeidsflyt studiemodell

Læringsformer

Fagskulen i Vestland legg til rette for læringsformer som gjer det mogleg for studentane å ta i bruk og vidareutvikle den kompetansen dei tileignar seg i studiet.

Tverrfaglege problemstillingar er vanlege i arbeidslivet, og blir derfor eit viktig element i utdanninga. Arbeid med slike problemstillingar vil vere sentralt i studiet og bidra til å styrke forståinga av heilskapen i faga. Kvart emne har også praksis med hospitering, for å sikre at studentane får innsyn i ulike dei ulike delane av prosessen.

Mappemetodikk blir nytta for å få bedre samanheng og heilskap i læringsprosessen. Læringsaktivitetar vert ikkje avslutta ved første innlevering, men blir brukt i læringsprosessen som eit grunnlag for rettleiing. Målet er ein tettare dialog mellom lærer og student om progresjon og utvikling.

Fagskulen Vestland brukar elles læringsformer som:

- lærerstyrt undervisning og førelesingar
- prosjektarbeid og prosjektoppgåver (både gruppe og individuelt)
- individuelle arbeidsoppgåver
- presentasjonar
- nettbasert undervisning
- rettleiing
- lab-øvingar
- praksis i felt

Undervisningsformer

Arbeidsformene skal vere relevante og føremålstenlege i tråd med læringsutbytteskildringane for utdanninga. Dette inneber at studentane, i tillegg til fagleg utvikling, òg skal utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Studentane skal vidare utvikle evna til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv og kunne gjennomføre etiske refleksjonar.

Studentane har praktisk erfaring innan eigne fagområde, noko som gir høve til å legge til rette for erfaringsbaserte læringsformer. Variasjon i val av læringsmetodar er nødvendig for å oppnå ein heilskapleg kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Prosjekt gir gode moglegheiter for opne problemstillingar som utfordrar studentane til å søkje gode, fagleg forsvarlege løysingar, der kreativitet og samarbeid vert styrkte. Samtidig får rettleiing ein naturleg plass i gjennomføringa av prosjekta.

Gjennom pedagogisk leiing skal studentane motiverast til sjølvstende og aktiv refleksjon over eigen læringsprosess. Det vert føresett at studentane tek initiativ og ansvar for eiga læring og det felles læringsmiljøet.

Undervisninga kan vere synkron og asynkron, gruppearbeid, rettleiing, laboratoriearbeid og sjølvstudium.

Læringsressursar kan inkludere bøker, dokumentasjon, lenkjer til nettsider, opplæringsfilmar, opptak av førelesingar m.m.

Vurdering

Utgangspunktet for all vurdering er læringsutbytteskildringane, både på overordna nivå og på emnenivå.

Vurderingsform kjem an på formålet med vurderinga og variere mellom ulike emne. Sjå emneplan for meir informasjon.

Vurderingsuttrykka A til F vert nytta, eller Bestått/Ikkje bestått vert nytta.

I emna er det fastsett ulike obligatoriske læringsaktivitetar som studenten må gjennomføre for å kunne få sluttvurdering.

Kva type vurdering og kva obligatoriske læringsaktivitetar som vert nytta i dei einskilde emna kjem fram av emneoversikta.

Fagskulen Vestlands rutinar for vurdering følgjer Fagskolelova §2-5.

Sluttvurdering

Studentane får éin karakter for kvart emne. Emnekarakter gir uttrykk for kompetanse som er oppnådd i ulike vurderingssituasjonar i emnet.

Vurderingsgrunnlag og -kriterium er beskrive i emneplanane. Det er lærarane i emnet som gjer sluttvurderinga.

Sluttdokumentasjon

Fullført og bestått fagskuleutdanning på 30 studiepoeng gir vitnemål.

Studentar som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om eit kompetansebevis som viser fullførte og beståtte emne.

Vitnemålet skal innehalde:

- Emne som inngår i utdanninga.
- Omfang av emne og oppnådd karakter.
- Overordna læringsutbytte.
- Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) 5.1 og kvalifikasjon som vart oppnådd.
- Karaktersystemet som blir brukt og tal på studiepoeng.
- Namn på utdanning.

Omgrepet Vocational Diploma (VD) blir brukt på vitnemålet for å sikre at det også kan nyttast internasjonalt.

Dummy Kalk1 Mengdekalkulering basis

Fagområde

Maskinteknikk

Studieprogram

Kalkulasjon og mengdelære

Stad

Nordnes

Stord

Vurdering

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2026 Haust

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Grunnleggande arbeidsmetodikk

- Forståing av oppmålaren si rolle i prosjektorganisasjonen
- Designutvikling og mengdeavtak
- Normer (operasjonsbaserte og kontraktuelle)
- Datasystem og arbeidsoperasjonar
- Tekniske spesifikasjonar (til dømes NORSOK eller NS3420)

Prosjektfasar og gjennomføringsmodellar

- Gjennomføringsmodell, subcontracting og innkjøp
- Prosjektfasar og modning av estimat (inkl. Allowance og contingency)
- Prosjektplanlegging og måling av produktivitet

Kontraktsforståing

- Oppbygging av standardkontraktar (t.d. NF/NTK) og format som nyttast til oppmålingskontraktar

Method of Measurement og pre-ambles i kontrakten

Læringsutbytte

Kunnskap

- god forståing for kalkuleringa si rolle i bygge- og prosjektgjennomføring
- kunnskap om arbeidsmetodikk innan oppmåling, mengdeavtak og normbruk
- kjennskap til sentrale omgrep som produktivitet, allowance, contingency, kompensasjonsformat og Method of Measurement
- kunnskap om korleis ein estimerer timar og ressursbehov basert på mengder, normar og tekniske spesifikasjonar
- kjennskap til ulike kontraktstypar og dei delane av kontrakten som regulerer oppmåling, betaling og dokumentasjon
- kjennskap til prosjektfasar og relevante standardar, til dømes NORSOK eller NS3420

Ferdigheiter

- gjennomføre mengdeavtak frå teknisk underlag
- bruke normar og føresetnader som grunnlag for kalkulasjonar
- forklare samanhengen mellom oppmåling, kalkulering, planlegging, kontrakt og produksjon
- identifisere viktige avhengigheiter mellom sentrale prosjektfunksjonar
- tolke relevante delar av ein oppmålingskontrakt, som Method of Measurement og pre-ambles

Generell kompetanse

- formidle kalkuleringa og oppmålinga si rolle i prosjektgjennomføring
- forstå samanhengen mellom teknisk omfang, kontraktuelle krav, planlegging og økonomisk styring

- kommunisere fagleg om mengder, estimat, normbruk og kontraktuelle føresetnader
- reflektere over korleis kvaliteten på mengdeavtak og dokumentasjon påverkar estimat, produktivitet og prosjektresultat

Arbeidsinnsats

Timeplanfesta tid er dei fysiske samlingane som ligg inne i timeplanen.

Lærarstyrte aktivitetar utanom samlingar omfattar læringsstiar, asynkron undervisning, rettleiingstimar med lærar etter avtale (òg på kveldstid) og liknande.

Eigenstyrt aktivitet er arbeidet du som student legg ned på eiga hand: arbeid med innleveringar, gruppearbeid, førebuing til undervisning og lesing av pensum.

Praksis er tid brukt på eigen arbeidsplass på oppgåver som er relevante for emnet.

Arbeidsmengde

AKTIVITET	AKTIVITETSDETALJER	VARIGHET	STUDIEFORM	KOMMENTAR
Timeplanfesta timer		64 Tima(r)	Deltid	
Lærarstyrte aktivitetar utanom samlingar		50 Tima(r)	Deltid	
Eigenstyrt aktivitet		96 Tima(r)	Deltid	
Praksis		40 Tima(r)	Deltid	

NAMN	KRAV	KOMMENTAR
Innlevering 1	Innlevering Gruppering: Individuell	
Innlevering 2	Innlevering Gruppering: Individuell	

Vurdering

Mappevurdering:

- Innlevering 1
- Innlevering 2

VURDERINGSFORM	PRAKTISK INFO	HJELPEMIDDEL	KOMMENTAR
Vurderingsform Mappevurdering Karakterskala A-F Gruppering	Eksamenssystem Wiseflow		

Individuell

Litteratur- og utstyrsliste

- Donald Towey, (2017) Construction Quantity Surveying: A Practical Guide for the Contractor's QS, 2nd Edition. Wiley Blackwell
- Ostrowski, Sean D.C (2013) Measurement. Using the New Rules of Measurement. Wiley Blackwell
- Norsok-standarder
- Kompendium/notat blir delt ut i timane

Alle studieprogram som bruker dette emnet

- [Kalkulasjon og mengdelære](#)

Emneansvarleg

Rune Sørtun
arild.inge.bakke
stimed

Dummy Kalk2 Mengdekalkulering disiplinforståing

Fagområde

Maskinteknikk

Studieprogram

Kalkulasjon og mengdelære

Stadiestad

Nordnes
Stord

Vurdering

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2026 Haust
2027 Vår

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Stål/rør

- Arbeidsoperasjonar og praktisk kunnskap om handverket

- Oppbygning av prisformat / mengdetabellar for faget
- Normar og oppmålingsreglar

Overflatefag (maling og isolasjon)

- Arbeidsoperasjonar og praktisk kunnskap om handverket
- Oppbygning av prisformat / mengdetabellar for faget
- Normar og oppmålingsreglar

Mekanisk, HVAC og elektro/instrument/telekom

- Arbeidsoperasjonar og praktisk kunnskap om handverket
- Oppbygging av prisformat / mengdetabellar for faget

Normar og oppmålingsreglar

Læringsutbytte

Kunnskap

- kunnskap om sentrale arbeidsoperasjonar innan stål, rør, overflatefag, mekanisk, HVAC og elektro/instrument/telekom
- kjennskap til praktiske forhold ved handverket som påverkar mengdeavtak og oppmåling
- kunnskap om prisformat, mengdetabellar, normar og oppmålingsreglar for dei ulike faga
- forståing for korleis faglege grensesnitt påverkar kalkulasjon, kontraktsoppfølging og prosjektgjennomføring

Ferdigheiter

- beskrive sentrale arbeidsoperasjonar innan dei aktuelle fagområda
- bruke prisformat og mengdetabellar som grunnlag for enkle mengdeavtak
- anvende relevante normar og oppmålingsreglar
- vurdere korleis praktiske utføringsforhold påverkar mengder, produktivitet og kostnad

Generell kompetanse

- kommunisere fagleg om arbeidsoperasjonar, mengder og oppmålingsreglar
- forstå samanhengen mellom handverk, kontraktuelle krav og økonomisk oppfølging
- bidra til kvalitet i mengdeavtak, kalkulering og dokumentasjon
- reflektere over korleis korrekt oppmåling påverkar prosjektresultat og samarbeid

Arbeidsinnsats

Timeplanfesta tid er dei fysiske samlingane som ligg inne i timeplanen.

Lærarstyrte aktivitetar utanom samlingar omfattar læringsstiar, asynkron undervisning, rettleiingstimar med lærar etter avtale (òg på kveldstid) og liknande.

Eigenstyrt aktivitet er arbeidet du som student legg ned på eiga hand: arbeid med innleveringar, gruppearbeid, førebuing til undervisning og lesing av pensum.

Praksis er tid brukt på eigen arbeidsplass på oppgåver som er relevante for emnet.

Arbeidsmengde

AKTIVITET	AKTIVITETSDETALJER	VARIGHET	STUDIEFORM	KOMMENTAR
Timeplanfesta timer		64 Tima(r)	Deltid	
Lærerstyrte aktiviteter utanom samlinger		50 Tima(r)	Deltid	
Eigenstyrt aktivitet		96 Tima(r)	Deltid	
Praksis		40 Tima(r)	Deltid	

NAMN	KRAV	KOMMENTAR
Innlevering 1	Innlevering Gruppering: Individuell	
Innlevering 2	Innlevering Gruppering: Individuell	

Vurdering

Mappevurdering:

- Innlevering 1
- Innlevering 2

VURDERINGSFORM	PRAKTISK INFO	HJELPEMIDDEL	KOMMENTAR
Vurderingsform Mappevurdering Karakterskala A-F Gruppering Individuell	Eksamenssystem Wiseflow		

Alle studieprogram som bruker dette emnet

- [Kalkulasjon og mengdelære](#)

Emneansvarleg

Rune Sørtun
arild.inge.bakke
stimed

Dummy Kalk3 Mengdekalkulering - praksis i prosjekt

Fagområde

Maskinteknikk

Studieprogram

Kalkulasjon og mengdelære

Stadiestad

Nordnes

Stord

Vurdering

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2027 Vår

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Øving i praksis

- Oppdatering av oppmålings-forecast i prosjekt

Prosjektoppgåve

Nytta kunnskapen til å reflektere over praksis i prosjektet og/eller utdjupe vurderingar utover lærestoffet

Læringsutbytte

Kunnskap

- kunnskap om bruk og oppdatering av oppmålingsforecast i prosjekt
- kjennskap til arbeidsmetodikk og sentrale vurderingar for ei vald disiplin
